



STORDALEN

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Stordalen ligg i Nordherad, vest og ned for Åbakken. Det er usikkert kor gammal busetjinga i Stordalen er, men i 1769 var det skifte i Stordalen etter Anders Andersen. Han var gift med Anne Olsdotter og hadde barna

Anders f. 1734

Ole f. 1744

Brit, død før 1769, ho hadde ei dotter Anne Engebretsdotter f. 1760

I 1801 er Ole Olsen husmann med jord i Stordalen, bruket er i folketellinga oppført under nordgard Valde sjølv om det låg i almenninga. Ole 1746-1801 vart i 1891 gift andre gongen med Dorthe Arnesdotter 1746-1832. Dorthe var tidlegare i 1764 gift med Ole Syversen oppigard Berge 1728-1784 og budde på Bergehaugen, dei hadde barna Rønnaug, Randi f. 1768, Marit f. 1770 og Arne 1777-1857.

Arne Olsen var i 1801 nemnd som skomaker og budde da saman med mora og stefaren. Han vart i 1805 gift med Mari Larsdotter 1780-1855, dei hadde barna

Dorthe f. 1806

Marit f. 1808, utflytt til Trondhjem 1832

Ragnhild 1810-1871, gift med Erik Syversen Sande 1804-1870, på Kalbakk, utflytte til Trondhjem 1832

Syver f. 1812, utflytt til Trondhjem 1832

Michael f. 1815, utflytt til Trondhjem 1832, Michael Mosling Arnesen Stordalen tok ny utflytjing til Trondhjem i 1843 for at giftes

Mari f. 1817-1818

Mari 1819-1900, ugift, død som fattiglem i Breijeilen

Arne f. 1821, utfløtt til Trondhjem 1841 og 1845

Anne f. 1825

Arne og Mari flytte til Trondhjem d.v.s. Trøndelag i 1832 saman med fleire av barna, men dei har kome att, for Mari døydde som legdslem i Stordalen i 1855 og Arne i Synslien to år etter. Familien har kanskje vore i Stordalen fram til ca. 1850.

I 1853 og 1865 var Rasmus Isaksen 1801-1881 brukar av husmannsplassen Stordalen i Nordherads almenning. Rasmus vart i 1829 gift med Gunhild Johnsdotter Brattland 1800-1868, i åra 1830-1846 er dei nemnde i Karrusbakken. Rasmus og Gunhild hadde barna

Isach f. 1830

Rannei f. 1833

Kari f. 1835

John 1838-1889, neste brukar

Torger f. 1841

Ole 1845-1846

Rannei var i 1865 oppgjeve som ugift og i 1875 som gift, ho hadde barna

Ole Johnsen f. 1862

Hans Johnsen f. 1863

John Johnsen f. 1867

Anders Johnsen f. 1873

I 1865 overdrog Rasmus Isaksen feste på Stordalen til Jakob Valde, dette var truleg på grunn av at han skulda Jakob 107 1/3 Spd. John Rasmussen overtok Stordalen i 1877 frå Jakob Valde mot årleg avgift kr 6,40 og føderåd til Rasmus Isaksen. John vart i 1872 gift med Kari Syversdotter Nebbneshaugen 1825-1914, dei hadde barna

Rolf f. 1866, neste brukar

Gunhild 1870-1939, i Sandebakken og seinare til Ona

Stordalen vart skyldsett i 1896 som gnr. 79 bnr. 2, og det var da skjøte på frå almenningsbestyrelsen til Rolv Johnsen for kr 200,-. Rolv vart i

1890 gift med Mari Pedersdotter Gjelbakken 1857-1913, dei hadde barna

Kari 1888-1974, gift med Ivar Tostensen Myrum 1890-1976

Peder 1891-1978

Rønnaug 1893-1941

Eldri 1896-1976

Gunhild 1899-1977, gift med Ola Syversen Kleiven 1894-1990, i Rundhaugen

John 1901-1973, neste brukar

John (Jo) overtok Stordalen etter faren i 1943 for kr 4800,- herav lausøyre kr 2300,- og føderåd av 5-årleg verdi kr 1500,-. Han vart i 1943 gift med Mari Haugen 1908-1976 frå Sel.

Sonen til Kari Stordalen og Ivar Myrum, Erling f. 1927 overtok Stordalen etter onkelen i 1974. Han vart i 1961 gift med Mari Bakke f. 1930. Dei har barna

Ivar f. 1961, neste brukar

Margrethe f. 1964, gift med Vegard Østenseth f. 1962 i Heidal

Erik f. 1969

Ivar Myrum overtok i 1995, han vart i 1983 gift med Tea Kolden f. 1962 frå Lom. Dei har barna

Per Erik f. 1983

Håvard f. 1985

Ingrid f. 1994

I 1875 var det i Stordalen 2 kalvar, 11 sauer og 5 geit, medan dei sådde 1 tønne bygg, $\frac{1}{4}$ blandingskorn og litt erter. Ti år før var det i tillegg 3 kyr og 1 tønne poteter.

Kjelder: Norske Gardsbruk 1953 – 1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, s. 119, 131, 238

Folketelling 1801,1865, 1875, 1900

Panteregister

Utskrifter kyrkjebøker for Vågå

Nordherad bygdaalmenning: protokollar m.m.